

Synfaring av Øyastølsmyra naturreservat, Hjelmeland 2011

SNO inviterte til ei felles synfaring den 25.05.2011 på den nordre halvdel av Øyastølsmyra for å diskutera skjøtsel i myrreservatet og i de tilgrensande områda av Vormedalsheia landskapsvernområde. I år der det løyvd tiltaksmidlar frå Direktoratet for naturforvaltning til Øyestølsmyra NR (krattrydding) og Vormedalsheia LV (stirydding).

Tilstades: Reidar Sandal (SNO), Leo Mikalsen (SNO), Ingvar Bjørnhus (grunneigar) og Vegard Ankarstrand (Fylkesmannen)

Dette notat tar for seg skjøtselstiltaka som skal utførast.

Stirydding:

Stien frå p-plass Kleivaland og oppover mot Bjødnabu og Melands-Grønahei turisthytte er pressa av skogen på ein del strekk. For å bøta på dette vil ein rydde vegetasjon langs stien frå p-plass på Kleivaland, gjennom naturreservatet og opp i landskapsvernområdet. I Øyastølsmyra naturreservat er den gamle stien uframkommeleg på fleire strekk, og går no over myra. Den gamle stien skal gjenopnast, dette vil vere langt meir skånsamt mot myra og verneverdiane. I tillegg vil det vere ein langt betre sti for fotturistane.

Skjøtsel:

- Utanfor Øyastøl naturreservat: Rydda krattvegetasjon, buskar og mindre tre i 2 meters bredde ut frå sti. Grunneigar ynskjer å leggje om stien på eit mindre strekk, dette avklarar grunneigar med Stavanger turistforening. Fylkesmannen har ikkje synspunkt på dette.
- Inni Øyastøl naturreservat: Gjenopna gamal sti som går nærmare elva, mellom myr og elv. Rydda krattvegetasjon, buskar og mindre tre i 1 meters bredde på kvar side av stien. Unngå så langt som mogleg å hogge større furu. Totalt strekk er 400 meter.
- Merking av ny sti etter avtale med Stavanger turistforening.



Bilete: Gammal sti er grodd igjen, skal opnast.

Opne slåttemark og myr:

Øyastølsmyra er gamal slåttemyr, i tillegg er det fleire felt i dei vestvente liene som har slått. Fleire av desse ligg i Vormedalsheia landskapsvernområde. Slåttemyra og slåttemark i og utanfor

myrreservatet har grodd att. Utvalde område skal opnast for å fremja natur- og landskapsverdiane. Ein vil prioritera større område som er mogleg å halde i hevd over tid ved beite og vedlikehaldsskjøtsel. Små område er verre å halde opne og har i utgangspunktet ikkje prioritet. Ein skal opna opp frå ekssiterande myrflate (Øyestølsmyra) og utvide dette. I tillegg skal ein opne opp rundt dei store almetrea i den vestvendte lia.

Tiltaka er lista nedanfor i prioritert rekkefylgje:

1. NØ del av naturreservat frå Øyestøl mot Finnanslia skal opnast frå myrflata og oppover. Skravert areal på kart er om lag 40 daa. Her skal ein rydda einer og ungbjørk. Gamal bjørk med landskapsverdi skal sparast. Det skal også være vegetasjonssone mot vassdrag.
2. Det veks nokre store almetre i Finnanslia som er truga av utskygging frå kringliggande skog. Ingvar Bjørnhus kjenner til desse. Her skal ein rydda kring almen for å sikre tilstrekkeleg lys.
3. Finnanslia skal ryddast for einer og mindre tre. Store trær skal sparast, eventuelle felling etter fagleg skjønn. Avmerka felt på kart er om lag 6 daa.



Bilde: Slåttemarka i Finnanslia skal opnast.



Bilde: Slåttemark ned mot Øyastøl skal opnast.

Finansiering:

Det er i alt løyvd kr 100 000 til tiltaka i 2011. Av desse er kr 30 000 løyvd til rydding av sti og kr 70 000 til gjenopning av slåttemark. Reidar Sandal SNO disponerar midla og vil laga arbeidsavtale og utbetale midla.

Oppfølging:

Reidar Sandal og Leo Mikalsen vil fylgje opp skjøtselen i 2011. Øyastølsmyra har svært interessant vegetasjon, og Fylkesmannen ønskjer å få ei ny vegetasjonskartlegging av denne. Dette er ikkje mogleg å få utført i år, men vi planlegg ei fullstendig kartlegging til neste år. Då vil ein og vurdera slått av rikmyrene som aktuell skjøtsel.

Vegard Ankarstrand 02.august 2011

